
Flåttoverførte infeksjoner i Sogn og Fjordane

DOKTORAVHANDLINGER

REIDAR HJETLAND

reidar.hjetland@helse-forde.no

Flåttbitt og positiv borreliaserologi er vanleg hos friske blodgivarar i Sogn og Fjordane, men ser ikkje ut til å medføre kroniske helseplager.



Foto: Helse Førde

Den vanlegaste flåttoverførte infeksjonen i Noreg er grunna bakterien *Borrelia burgdorferi*, men også skogflåttencefalitt (tick borne encephalitis) og human granulocytær anaplasmoser er dei seinare åra påvist i landet.

I doktorgradsprosjektet mitt vart serum frå vel 1 200 blodgivarar frå dei fire blodbankane i Sogn og Fjordane undersøkt for flåttoverførte infeksjonar. Ulike risikofaktorar samt subjektive helseplager vart kartlagt via eit spørjeskjema. Eg fann at om lag $\frac{2}{3}$ av deltakarane hadde hatt flåttbitt. Knappt $\frac{1}{3}$ hadde hatt flåttbitt i løpet av det siste året. Blodgivarane frå indre del av fylket rapporterte færrest bitt. Tal på flåttbitt auka i takt med kor mykje deltakarane hadde vore ute i skog og mark i sommarhalvåret. Blant dei yngre var det flest flåttbitt hos menn. Hos dei over 50 år var det flest flåttbitt hos kvinner. Totalt 9,6 % hadde IgG-antistoff mot borreliabakterien. Dette er lågare enn kva som er rapportert frå Agder-fylka i sør. Forekomsten auka med alderen og var høgst hos menn. Vi samanlikna også ulike testar for borreliaantistoff.

Ingen ikkje-immuniserte hadde spesifikke antistoff mot skogflåttencefalittvirus, og det var såleis ikkje haldepunkt for at skogflåttencefalitt finst i denne delen av landet. Totalt 16,2 % hadde antistoff mot bakterien *Anaplasma phagocytophilum*. Dette tyder på at sjukdomen human granulocytær anaplasrose finst i fylket. Vi fann ikkje haldepunkt for at personar med mange flåttbitt eller borreliaantistoff hadde fleire helseplager enn andre.

Disputas

Reidar Hjetland disputerte for dr.philos.-graden ved Universitetet i Bergen 15.9.2017. Tittelen på avhandlinga er *Tick-borne infections in Sogn og Fjordane, Western Norway. Seroprevalence, risk factors and subjective health complaints in blood donors*.

Publisert: 17. april 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.18.0033
© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 26. mars 2026.